

# Kvardagsmesse



## Kapellet, Domus Theologica

L: Liturg eller leiar, ML: Medliturg, K: Kyrkjelyd, A: Alle

### Samling

Inngangssalme. *Alle står.*

Inngangsord

L: I namnet til den treeinige Gud: vår Skapar, Frigjerar og Livgjevar  
*eller*

L: I namnet til Faderen, Sonen og den heilage Ande

A: Amen

Kyrie



### Ordet

L eller ML les evangelieteksten for søndagen som kjem (*Kyrkjelyden står*)

L eller ML: Preike, eller stille

## Forbøn

L eller ML leiar:

*Enten*

Fritt vald forbøn med høve til lystenning og bøn, høgt eller stille  
*eller*

Fredslitaniet (fritt etter S13 982.2) (*L eller ML les eller syng*)

L: Lat oss be i fred til Herren.

**A: Herre, miskunna deg.**

L: Om fred frå det høge og frelse for vår sjel, lat oss be til Herren.

**A: Herre, miskunna deg.**

L: For heile Guds folk, for alle tenarane i kyrkja vår, for prestane våre og biskopen vår,  
lat oss be til Herren.

**A: Herre, miskunna deg.**

L: For denne byen og for alle land og stader,  
lat oss be til Herren.

**A: Herre, miskunna deg.**

L: For dette huset, for alle lærarar og studentar,  
lat oss be til Herren

**A: Herre, miskunna deg**

L: For skaparverket, om tenleg vêr og rikeleg grøde på jorda,  
lat oss be til Herren.

**A: Herre, miskunna deg.**

L: Om fred mellom alle truande og folkeslag,  
lat oss be til Herren

**A: Herre, miskunna deg.**

L: For sigeren, æra og makta tilhøyrer deg,  
Fader, Son og Heilag ande, no og alltid og i all æve.

**A: Amen**

## Nattverd

Salme før nattverden

Prefasjonsdialog (*kyrkjelyden står*)

L: Herren være med dykk.

**K: Og med deg vere Herren.**

L: Lyft dykkar hjarte.

**K: Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L: Lat oss takka Herren vår Gud.

**K: Det er verdig og rett.**

Prefasjon

L eller ML: I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:  
(eller ein annan av kyrkjeåret sine prefasjoner).

Sanctus

**A: Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.**

**All jorda er full av din herlegdom.**

**Hosianna i det høgste.**

**Velsigna vere han som kjem i Herrens namn.**

**Hosianna i det høgste.**

L: Vi lovar deg Gud, og takkar deg for Son din, Jesus Kristus. Ved Andens kraft vart han fødd av Maria møy. Han levde under same kår som oss og enda sitt liv då han strekte hendene ut på krosstreet. Slik gjorde han døden til inkjes, braut vondskapens lekkjer og openberra for oss oppstoda av lekamen.

Difor minnest vi hans død og oppstode når vi kjem fram for deg med desse gåvene. Vi bed deg: Send din heilage Ande over dei, så dei for oss blir brødet til livet og begeret til frelse. (eller ei anna nattverdbøn).

Verba

L: Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det. Dette begeret er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

**A: Vår Far i himmelen**

**Lat namnet ditt helgast**

**Lat riket ditt koma**

**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen**

**Gjev oss i dag vårt daglege brød,**

**og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldningar**

**Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde**

**For riket er ditt og makta og æra i all æve**

**Amen**

Fredshelsing

L: Jesus seier: Fred etterlet eg dykk, mi fred gjev eg dykk. Guds fred vere med dykk.

**K: Guds fred vere med deg.**

L: Kom, for alt er ferdig.

Utdeling

*Under utdelinga syng vi:*

Agnus Dei

**A: Du Guds lam som ber all verdsens synder, miskunne deg over oss**

**Du Guds lam som ber all verdsens synder, miskunne deg over oss**

**Du Guds lam som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.**

Takkebøn

L/ML: Vi takkar deg,. nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode.

**A: Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.**

eller

L /ML: Vi har tatt imot Jesus Kristus

**A: Vara oss til evig tid. Amen.**

## Sending

Utgangssalme (*kan gå ut*) *Alle står.*

L/ML: Lat oss prisa Herren.

**K: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

L/ML: Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lyse over deg og være deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. · ✠

**A: Amen., amen, amen.**

eller

L/ML: Ta imot velsigninga:

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lyse over deg og være deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. · ✠

**A: Amen.**

Utsending

L: Messa er til ende. Gå i fred.